



NYHENDE FRÅ BIBLIOTEKET

www.stord.kommune.no/bibliotek



Måndag 2. juni 2025



Opetider hovudbiblioteket

Måndag, fredag og laurdag
11-15

Tysdag, onsdag og torsdag
10-18


Opningstidar i sommar

Denne sommaren kjem me til å ha forskjellige opningstider frå veke til veke grunna ferieavvikling. Biblioteket er heilt stengt i veke 29, 14.-20. juli. For å sjå opningstidene i sommar, bruk QR-koden:



Tilgang med lånekort

Måndag 15-20
Tys, ons, tors 9-10 & 18-20
Fredag 9-10 & 15-20
Laurdag 15-17
Sundag 15-20



Nysæter filial

Tysdag stengt
Tilgang med lånekort
kvardagar 15-20

Følg oss på sosiale medium



Arrangement



18. juni kl. 18.00 Informasjonsmøte om Fontenehuset

Sommarles! Frå 1. juni til 30. september har me Sommarles for alle barneskulebarn. Barna les og legg titlane dei les inn på sommarles.no. Når dei har lese eit visst antal sider, kan dei hente ein premie på biblioteket. Det er totalt tre premier til kvar deltakar.

Lesebingo! I same tidsrom som Sommarles, har me Lesebingo for vaksne. Les og oppnå bingo - ver med i trekninga av ein fin premie.

Sommerbok & is! 14. og 25. juni, samt 2. juli, blir det sommerbok & is for barn 3-6 år. Barna får ein is medan me les ei bok høgt.

www.stord.kommune.no/arrangement

Nyhendebrev i juli

I juli kjem det ikkje nyhendebrev. Biblioteket avviklar ferie, og det er ingen ekstra aktivitet utover sommerbok & is 2. juli.

Me ønskjer alle ein riktig GOD SOMMAR!



Biletkunstnaren Nikolai Torgersen si debutbok Gater jeg har levd er ei rå og gripande skildring av ein oppvekst i Oslo, prega av fattigdom, rus og utanforskap. Gjennom eit livleg og kraftfullt språk tek Torgersen lesaren med på ei reise gjennom skam, familielojalitet, kampen for å overleve, og korleis skapertrang kan bli ein veg ut av mørket. Ei sterk og viktig forteljing som rører djupt og blir verande lenge i lesaren.

Månadens bokperle

